



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1
ROGALAND

1976

Namnet på vatnet

Løpervatnet

Kommune

Breand

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

V O S T E R V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 1. sept. 1976.

Vatnet ligg i Strand kommune, nærare stadfest aust for Alsvik og med Ramnaas i nord.

Arealet er omlag 280 ha. og h.o.h. 48 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men etter det folk kan fortelje skal det vera eit djupt vatn. Likevel med større grunnlendte vikar og partier nær land.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, siv og algevegetasjon vil ein finna frå strandkanten og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark og noko myr. Her veks ein del lauvskog med bjerk og or som hovudtreslag.

Bergartene er stort sett fylitt med innslag av hardere bergarter. Det største tilsiget er "Lekvamsbekken" i sør-aust, men forutan dette fell det inn fleire større og mindre bekketilsig rundt vatnet.

Avlaupet renn ut i nord-aust og går til sjøen ved Fiskaa.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 7.2 (alkalisk vatn) som er sjeldan i dag og heilt ideelt for ferskvassfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 3.5 mg/l og den totale hardheita 7.5 mg/l. Dette er bra i høve til andre analyserte vatn.

Leiingsemne = 51.0.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 32 muslingar, 22 fjærmyggjarver, 1 gjelle-
snegle og 1 døgnfluge - i alt 560 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 19 fjærmyggjarver, 9 muslingar,
1 vårflugelarve, 1 vannmidd, 1 fåbørstemark og 1 mudderfluge-
larve - tilsaman 320 individ pr. m².

Samla resultat syner at det er relativt bra med næringsdyr i vatnet.
For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det
tidspunkt analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 3 fiskar.
Her vart det funne døgnflugelarver, teiger, vårflugelarver, mudder-
flugelarver og stankelbein.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontalttrekk på ca. 50 m, og eit vertikal-
trekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast
som fattige.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, røyr,
ål og stingsild.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter
1 fangstnatt vart 7 aurar og 4 røyr.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Ei grafisk framsyning av auren fordelt på cm-klassar vil sjå slik ut.



Det vart teke prøver av dei 7 aurane og av desse var 1 rød - resten lys-røde i fiskekjøttet.

Vidare var der 4 hofiskar og 3 hanfiskar.

Alle fiskene var angripne av parasittar (måkemark).


2 fiskar var gytetisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellangda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4.2	8.5	14.7	20.0	24.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.2	4.3	6.2	5.3	4.2
Antall fiskar	7	7	7	7	6

Medel kondisjonsfaktor= 1.15 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Vostervatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, er veksten litt i underkant av normalen dei fyrste åra, men dette rettar seg noko seinare. Vanlegvis er det 25-30 fiskar som danner bakgrunnen for ein slik kurve, så då vi her berre fekk 7 fiskar er det uvisst om desse er representative for auren i Vostervatnet.

Auren går mot ei maksimal lengd på ca 30 cm. Nå vil det sjølv- sagt finnas ein del aure som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men noko stort fiskebestand utgjer dei ikkje. Dette er då fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg med yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er gode og botnprøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er tilstades.

Når tilhøva er så pass gode kjem det av den dyrka marka, kulturbeiter m.v. som utgjør ein stor del av nedslagsfeltet. Tilsig herfrå vil fylgjeleg føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringsgrunnlaget i eit vatn.

Ser vi litt på aurebestandet i Vostervatnet, så kan det sjå ut som om dette ikkje er særleg stort.

Røyra vi fekk var langstrakt og mager, noko som tyder på overbefolkning. Mykje talar for at auren er på tilbakegang og at røyra er i ferd med å erobre vatnet fullt ut. Om dette er rett, er det ei utvikling ingen vil vera tent med. Røyra har som kjent stor formeringsemne, og lett for å bli dominerande, i vatn der desse fiskeslaga er i blanding.

Nå skuldast det sikkert ikkje berre røyra at auren går tilbake. Ein kan vel ikkje sjå bort frå at ein del gytefisk av aure har vorte fanga på bekkeosar og bekker år etter år. Dette vil på noko sikt gi seg utslag i mindre tilgang på yngel og småfisk, og om gytebekkene på toppen av dette til sine tider fører ymse forureinande stoff, kan yngel og småfisk ha vorte skadelidande på denne måten.

Gytetilhøva for auren er gode fleire stader i tilsigsbekkene, så normalt ville dei kunne sikre ei tilfredstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera for å setje vatnet i fullgod stand er å skipe til eit grunneigarlag (fiskelag) for vatnet. Eit lag vil alltid stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Om det er rett at vatnet er sterkt overbefolka av røyr, noko som det ser ut til å vera, må ein gå i gang med ei storstilt oppfisking. Ein må her lokalisere gyteplassane for røyra og setje garn av høvande maskestorleik ved gytetider om hausten. Ved å drive eit hard fiske her, vil ein kunne få fram ein ypperlig

røyrkvalitet i Vostervatnet.

Syner det seg at aurebestandet er i minste laget, kan dette rettast på ved å setje ut nokre hundre settefisk. Vidare må auren få vera i fred på gytebekkene om hausten. På denne måten vil ein kunna byggja opp eit aurebestand tilsvarande vatnet si bæreemne.

Når grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske medan grunneigarane sjølve tek hand om garnfisket. Grunneigarane vil då kunna få nokre innkomer til kultivering av vatnet.

Ålen er ein godt betalt matfisk (ca. kr. 15.00 pr. kg.) og denne må grunneigarane nyttiggjera seg. Ved å montere ei ålefelle på ein høvande stad på utfallsbekken vil ein kunne fange ikkje lite med utgangsål. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Vostervatnet er litt av ei perle og grunneigarane må samla på å inn for å gjera dette vatnet til eit av dei beste i fylket.

Dette er mogeleg, men det vil krevja ei innsats frå grunneigarane si side. Innsatsen vil vera prisen verd, då tilhøva på alle vis ligg godt tilrette for eit framifrå fiskevatn.

Om ynskjeleg vil underskrive vera hjelpesam med å gjennomføra dei tiltaka som her er nemnde, for å få Vostervatnet til å bli eit fiskevatn litt utanom det vanlege.

Stavanger 1/4 1977

Einar Berg